



Møre og Romsdal  
fylkeskommune  
Volda vidaregåande skule

Volda, juli 2010

## Frå realfagavdelinga ved Volda v.g. skule

Til deg som tek til på Vg1 hausten 2010 – STUSP1 og MDMD1:

I matematikk vert det undervist i to ulike kurs på Vg1. Begge kursa er på 5 timar kvar veke gjennom heile året.

Matematikk **Vg1T** er tenkt for deg som veit at du får bruk for mykje matematikk i vidare studium, og/eller er interessert i faget, og føler at arbeidet går greitt. Med Vg1T kan du gå vidare med matematikkurs R1 og R2 dei to neste åra hos oss. Med R2 vil alle studieplassar i Noreg vere opne for deg, om karakterane elles er gode nok. (Med Vg1T kan du også velje S1/S2)

Matematikk **Vg1P** er det andre kurset du kan velje. Dette kurset er mindre teoretisk, og mange vil nok sjå på 1P som eit enklare kurs enn 1T. Døme på kva du kjem til å arbeide med her er økonomi, geometri, litt sannsynsrekning, og enkle funksjonar. Med Vg1P kan du også gå vidare med S1 og S2 dei to neste åra. Du vil då vere godt kvalifisert for mange studium der ein ikkje legg så mykje vekt på den teoretiske delen av matematikken.

Alle kursa over er på 5 timar kvar veke. S1, S2 og R1 gir 0,5 ekstra poeng, R2 gir 1 ekstra poeng ved inntak til høgskular/universitet.

Dei som ikkje vil gå vidare til R1 eller S1 i 2. klasse, må ta 3 timar matematikk i 2. klasse. Det vil i stor grad bli ei utdjuping av det du arbeidde med på Vg1 (1.klasse). På slutten av 2. klasse vil det så bli ein eksamen der du vert prøvd i det du har arbeidd med dei to åra. Du har då nådd det som vert kalla "generell studiekompetanse." Med det kjem du inn på alle studium som ikkje har særskilde krav til matematikk.

Dersom du vil vite meir om dei ulike kursa, kan du finne dei forskjellige læreplanane om du går inn på "udir.no". Sjå "læreplaner"!

Det er viktig at du forstår at Vg1T og Vg1P er to svært ulike fag, med ulike lærebøker og pensum. Difor vert det vanskeleg å skifte kurs etter at valet er gjort.

Vi vonar du finn deg til rette på skulen, og vert nøgd med vala du gjer.

Med helsing frå oss som underviser i matematikk.